

Melding om nedlegging av Laugevatn Dam i sideelv til Lårdalsåi, Tokke kommune i Telemark fylke

Vassdragsanlegget vi ynskjer å fjerne, med damnummer 1908, ligg i sørenden av Laugevatn i Tokke kommune i Telemark fylke, og inngår i vassdraget som er gitt namnet «elv frå Laugevatn», med vassdragsnummer 016.BD3AB. Vassdraget si plassering er vist på kart i Vedlegg 1, og plasseringa til dammen er vist i vedlegg 2. Dammen er av NVE vurdert til å være i konsekvensklasse 2. Tiltakshavar ber NVE vurdere om ei fjerning av anlegget er konsesjonspliktig.

Opplysningar om meldar

Tiltakshavar	
Namn: Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK)	
Adresse: Høydalsmovegen 815	
Postnummer: 3891	Poststad: Høydalsmo
Telefon: 35 07 57 33	E-postadresse: firmapost@vtk.no
Kontaktperson tiltakshavar	
Namn: Magnus Kvalbein	
Telefon: 90533341	E-postadresse: magnus.kvalbein@vtk.no

Informasjon om eksisterande vassdragsanlegg og inngrep i samband med nedlegginga.

Dammen si historie: Laugevatn dam er ein steindam, opphavelg frå omlag 1900, som historisk har vore nytta til å regulere vassføringa i nedre del av Lårdalsåi. Dei eldste dokumenta vi kjenner til som omhandlar vassdragsinngrepet, er tinglysing av reguleringsrettar til vassdrag i 1894, 1918 og 1919. I 1923 vart det inngått ein sameigeavtale knytt til anlegget mellom partane Olav L Omdal (Lårdal Uldspinneri), Lårdals Fabrikker og Lårdal Sogn Elektrisitetsverk. Selskapet som i dag er VTK, kjøpte Lårdal Sokn Elektrisitetsverk i 1944, men dette vart lagt ned etter kort tid på grunn av ein frostskade og ikkje satt i drift att. VTK har likevel historisk hevda eit deleigarskap til reguleringsdammen ut frå sitt eigarskap i det gamle elektrisitetsverket. I samband med planar om utbygging av eit nytt Lårdal kraftverk, kjøpte VTK i 2010 eigedommen til det som var Lårdal Fabrikker, og har sidan hevda eigarskap til 2/3 av anlegget. Endeleg avslag på konsesjonen til denne utbygginga vart fatta av OED i 2021. Dei andre deleigarane i anlegget la ned sin vasskraftproduksjon i høvesvis 1972 og 1976, men i perioden 1985 – 2002 vart anlegget nytta for å sikre jamn tilgang til vatn for eit smoltproduksjonsanlegg i lokala til det gamle spinneriet. Etter 2002 er det ingen av dei historiske fylgjarane etter dei opphavelge partane som har nytte av anlegget i si verksemd. I tillegg til å ikkje ha direkte nytte av vassdragsanlegget har VTK, seinast i 2024 som rapporteringsansvarleg for damanlegget, fått fleire pålegg frå NVE, som mellom anna inkluderer å skaffe ein vassdragsteknisk ansvarleg (VTA), utarbeide internkontrollsystem for dammen, og gjennomføre beredskapsøvingar og årlege inspeksjonar. Dette har ein kostnadsside som vi vurderer som større enn nytta av å la dammen stå, i tillegg til at det syner seg krevjande å rekruttere ein ny VTA. Det er

dette som er bakgrunnen for at vi no ynskjer å fjerne anlegget permanent. Eventuelt kan ein sjå for seg at andre lokale interessentar tek over ansvaret for damanlegget.

Konstruksjon, tilstand og dagens bruk: Dammen er ein gravitasjonsdam, opphavelig bygd i stein, der delar av han er forma som overløp. Dammen er delvis mura og delvis tørrmura, og bolta til fjell. I 1985 vart dammen rehabilitert, og det vart støypt ei kappe i armert betong i varierende tjukkleik, om lag 25 cm, over krona og på vassida. Det er ikkje, så langt det er mogeleg å observere, brukt mørtel mellom steinane. Det finnes eit arrangement for å opne ei tappeluke i dammen, men det er ikkje kjent om denne er mogleg å bruke utan utbetringar slik ho er i dag. Magasinet som dammen demmer er i damdatabasen SIV oppgitt til 1,5 millionar m³. Nedslagsfelt er om lag 25 km².

Dei fysiske måla på dammen er: Lengde: 39,3 meter. Breide 2,0 – 1,5 m. Snitthøgde 1,25 m og største høgde om lag 2,5 meter.

På grunn av fleire bruer, gardsvegar, kantvegetasjon og minst eitt bustadhus som kan verte råka av eit eventuelt dambrot, blei dammen i april 2013 vedtatt av NVE til konsekvensklasse 2.

Da det ikkje finnes tilstrekkeleg god dokumentasjon på dammen sin konstruksjon eller tilstand, vil det i møte med ein revurdering av anlegget truleg komme eit pålegg om at heile dammen vert bygd om. Dette vil vere vesentleg meir kostbart enn ei nedlegging.

Sidan dammen ikkje har vore i bruk til regulering på lang tid, går i praksis alt vatn i overløp, og vasstanden varierer marginalt over og under damkrona gjennom året. Det er ikkje gjort målingar av dette seinare tid, men synfaring i september 2023 syner at vatnet går i overløp sjølv i relativt tørre periodar, og at lekkasjen gjennom dammen er liten.

Det er ikkje kjent nøyaktig kva som var naturleg vasstand før oppdemming, men bilete frå rehabiliteringa av dammen hausten 1985 indikerer at vatnet var minst 1 meter lågare enn i dag, truleg nærare 1,4 meter. Vasstanden er på bileta i vedlegg oppgitt som «minus 137 cm», men det ser ut til at fangdammen som vart nytta også held ein del vatn attende. Samstundes kan det sjå ut som om det grave eller sprengt ein kanal ned mot der dammen står i dag, og det vil vere naturleg å fylle opp denne kanalen ved ein eventuell nedlegging av anlegget. Kanalen er vist i figur 1 i vedlegg 4, som elles inneheld gamle bilete av dammen og vatnet.

Naudsynte inngrep ved nedlegging: Før andre tiltak vert sett i gang, må ein tappe ned vatnet. Dette vil bli gjort gjennom eksisterande tappeluke. Ein vil sleppe vatnet i eit skånsamt tempo, slik at vassføringa nedstraums ikkje vert vesentleg større enn i ein normal nedbørsperiode.

Vidare må ein etablere ein riggplass og tilkomstveg i terrenget aust for dammen. Sidan dammen berre ligg 35 meter frå fylkesveg 3402, vil det ikkje krevje store inngrep, sjå detaljkart i vedlegg 2. Det er ikkje avklart enno kor mykje bereevne eksisterande underlag og avkøyring fram til dammen har, så det vil kunne verte naudsynt å forsterke underlaget noko for å køyre lastebilar ned til elva. Det vil bli utarbeida ein plan for dette og tilbakeføring av riggområdet etter at inngrepet er ferdig.

Sidan dammen er liten og nokså lett tilgjengeleg, er det truleg ikkje trong for fleire tunge maskiner enn ein gravemaskin med utstyr for å pigge opp betongkappa og ein lastebil til å frakte massane bort, slik at trongen for areal til riggplass er avgrensa. Dette vil bli klart når ein entreprenør leverer inn tilbod på arbeidet, etter at det er klart om det er høve til å fjerne dammen.

Massehandtering: Det vil ikkje bli aktuelt å deponere noko av materialet frå damanlegget i terrenget. Metalldelar frå armering, fjellboltar og tappeorgan vil bli skilt frå, og levert til gjenvinning. Fragment av betongkappa vil bli levert til godkjent mottak, eller brukt som fyllmasse om det finnes egna prosjekt i nærleiken som har trong for desse massane. Natursteinen som er nytta i dammen har nokså høg estetisk

verdi, sidan det er relativt store blokkar tilverka utan moderne verktøy. Vi vonar at vi kan finne nokon som kan bruke steinen på nytt, til dømes lokale bygningsvernaktørar. Om så ikkje let seg gjere, må han køyrast til nærliggande deponi.


Endringar i vasstand og vassføring: Nedstraums tiltaket vil det ikkje vere vesentlege endringar i vassføringa, anna enn under perioden der ein slepp vatn frå magasinet. I tillegg er det truleg at dammen og magasinet har hatt ein noko dempende effekt på flomvassføringa, men det er ikkje gjort berekningar på i kor stor grad dette påverkar vassføringa nedstraums for dammen. Det er ikkje klart på noverande tidspunkt kva som blir vasstanden etter at anlegget er fjerna, men som antyda over vil det verte minst 1 meter, truleg nærare 1,4 meter, lågare vasstand. Det kan og vere at vatnet vil bli ståande enda lågare, men det ser ikkje slik ut på bilete frå 1985. Dette vil vere den mest dramatiske endringa i landskapet. Det er ikkje tilgjengelege djupnedata for Laugevatn, men det er på det reine at relativt store areal, særleg i sør- og nordenden av vatnet vil verte tørrlagt. Det er ikkje planlagt å gjere tiltak for å revegetere desse areala, men med tida vil det gro til med stadeigen flora.

Skildring av allmenne interesser og forholdet til offentlege planar og føringar

Naturmangfald

Skildringa av naturmangfaldet er basert på opent tilgjengelege kjelder, som artsdatabanken.no. Det er ikkje gjort synfaringa av området med fagpersonar innan økologi eller naturkartlegging i denne omgang.

Det er ikkje registrert truga landlevande artar i eller ved vatnet, i fylgje karta som er tilgjengeleg hos artsdatabanken.no. Det er registrert Apollosommarfugl rett sør for Laugevatn, og fleire forekomstar av Vadderot langs vegen nokre kilometer vest for tiltaket. Dette gjer at det ikkje er usannsynleg at det også finnest raudlista artar nær Laugevatn. Det er likevel ikkje openbart at dei terrestriske artane vil ta skade av å fjerne dammen, då dei truleg vil kunne tilpasse seg ei ny vasstand noko lågare i terrenget, slik dei i si tid tilpassa seg reguleringa.



Figur 1 Utsnitt frå kartet i artsdatabanken.no. Markeringa nærast Laugevatn er av kanadagås.

Det er registrert svartelista kanadagås ved vatnet, men det er heller ikkje truleg at denne arten vil bli særleg påverka, eller velje å forlate vatnet, som fylgje av at vasstanden vert senka.

Det er ikkje gjort prøvafiske i vatnet, men det er truleg berre stadeigne artar, da dammar i begge ender av vatnet har vore eit vandringshinder i over hundre år. Det er ikkje registrert akvatiske raudlisteartar i vatnet, men manglande registrering er ikkje nokon garanti for at desse ikkje finnes. Det vil innstille seg ein ny jamvekt med tanke på kor mykje fisk og andre vasslevande organismar som kan leve i vatnet når vassvolumet og overflatearealet vert redusert, og denne vil truleg vere mindre enn dagens nivå.

Det er ikkje villrein i eller nær området.

Vasstypen i Laugevatn og Nossevatn bekkefelt er på vann-nett.no karakterisert som «små, kalkfattig og humøst». Miljøtilstanden er satt til god, med ingen registrert risiko for forverring, og god syrenøytraliserande kapasitet. Einaste påverknad er diffus avrenning frå nokre hytter, skogbruk og vegtransport.

Landskap og klimagassutslepp

Det er berre sjølve Laugevatn og strandsona rundt som vil verte direkte råka av at ein fjernar vassdragsanlegget. Søkjar antek at landskapet nedstraums og oppstraums for Laugevatn i liten grad vert råka.

Laugevatn ligg som eit typisk skogsvatn med blandingsskog heilt ned til vatnet. Gran og furu er dei dominerande treslaga, men det er også innslag av lauvskog, særleg bjørk. Landskapet rundt er kupert, med toppar både aust og vest for vatnet. Vestsida av vatnet er nokså bratt med mot vatnet, med unntak av ei vik midt på. Difor er det truleg på austsida og i nordenden av vatnet at ein vil eksponere dei største areala etter at vatnet er tappa ut.

På austsida og i nordenden av vatnet er det nokre områder som i dag er våtmark og myrlendte områder. Når ein senkar vasstanden i vatnet, vil nokre av desse bli vesentleg tørrare. Det vil som ein fylgje av dette mest sannsynleg bli eit utslepp av karbon frå myrane, når overflata på desse får tilgang til oksygen. På ei anna side – om ein tek utgangspunkt i at ei myr legg på seg om lag 1 mm organisk materiale per år, er det ikkje meir enn 12-15 cm som har bygd seg opp i den tida vassdraget har vore demt opp. Over tid vil dette, og ein del materiale som i dag ligg grunt på botn av vatnet, brytast ned og vere kjelde til eit utslepp av CO₂. Det er ikkje gjort noko forsøk på å berekne omfanget av eller tidsforløpet for dette utsleppet, eller kor lang tid det vil ta før det eventuelt vert fanga opp igjen av vegetasjon som etablerer seg i det same området.

Brukarinteresser


Namnet på vatnet – Laugevatn – tydar på at det har vore nytta som badeplass i lang tid. I dag er det lagt ut flytebrygge i vatnet og satt opp midlertidige toalett ved Danseplassen – også eit namn som vitnar om lange tradisjonar for å nytte området. Fleire stiar, bål plassar og sittebenkar peikar mot at vatnet og området rundt i stor grad vert nytta til rekreasjonsføremål også i dag. Laugevatn er på Tokke kommune sin nettstad lista opp som ein av fleire tilrettelagte bade plassar. Kombinasjonen av eit nokså grunt vatn og liten vassføring, særleg samanlikna med Bandak som ligg lenger ned i vassdraget, gjev gode temperaturar og gjer Laugevatn godt egna for bading og symjing.

Det er ikkje mange fritidsbustader i nærleiken av vatnet, men det er minst to som ligg tett på vasslinja på 3 regulerte tomter nord-aust for vatnet ved Myrbø, og ein eldre plass nord for vatnet med namn Eie, rett vest for innløpsbekken til Laugevatn. Desse 4 eigedommane vil heilt klart bli råka av ei nedlegging av dammen.

Det vil vere viktig at kommunen som høyringspart uttalar seg om kva som kan vere gode avbøtande tiltak for å sikre bruksverdien som friluftsområde etter at vassstanden er senka til naturleg nivå.

Kulturminne

Det er ikkje registrert funn av kulturminne som vert råka av tiltaket. Det er eit brynesteinbrot aust for vatnet, ved Røyulfsminne. Vidare er gardstunet ved Heggveit sør for vatnet freda. Ingen av desse vil påverkast direkte av at ein riv damanlegget.



Figur 2 Oversyn over registrerte kulturminne, frå kulturminnesok.no

Ein kan argumentere for at reguleringsdammen i Laugevatn i seg sjølv er eit kulturminne, som vitnar om industrialiseringa i Lårdal. Det er nokså unikt at ein hadde 3 kraftverk, eit ullspinneri, eit sagbruk og over 20 andre verksemdar i ei så lita bygd i Vest-Telemark. Dette heng tett saman med kanaliseringa av vassdraget på 1890-talet, med båtforbindelse vidare til Skien og Porsgrunn. Når kanalbåtane vart mindre viktige for transport, og det vart bygd ut eit meir robust kraftforsyningsnett, mista dei fleste av desse verksemdene sine fortrinn, og vart lagt ned. Den gamle bygningen som husa Lårdal Fabrikkers kraftverk, altså ein av partane som var med å etablere og drive dammen i Laugevatn i si tid, er vurdert listeført av NVE som anlegg med høy kulturhistorisk verdi. Det er naturleg å sjå damanlegget i samband med kraftverket. Team Kulturarv i Telemark Fylkeskommune, som blir høyringspart i denne saka, og NVE sjølv kan truleg sette verdien til dammen som kulturminne meir presist og på betre grunnlag enn oss. Kulturminneverdien må i alle høve vegast opp mot kostnadane ved å halde dammen i drift og ved like, og risikoen knytt til å ha eit oppdemt vassmagasin ståande oppstraums for bustadhus, fylkesveg og bruer. For VTK som dameigar, er vurderinga at kostnaden er større enn nytten ved å la dammen bli ståande slik han er, og at kulturminneverdien vil verte vesentleg forringa ved ein oppgradering av dammen til standarden damforskrifta krev.

Skred

Det er ikkje fare for skred av lausmassar eller snø. Det er heller ikkje fare for steinsprang eller andre terrenghendingar.

Offentlege planar og nasjonale føringar

I Tokke kommune sin arealplan er heile området rundt Laugevatn regulert som LNF-område. Det er i tillegg ein støysone i nordenden av vatnet, på grunn av ein skytebane nordaust for vatnet. Det er ikkje lagt inn spesielle omsyn, verken med tanke på kulturminne, landskap eller friluftsliv.

Laugevatn er ikkje omtalt i Telemark fylke sine plandokument, anna enn at fylket som vassregionmynde omtalar tilstanden til vassdraget som god.

Vassdraget er ikkje verna, og det er framleis ein gyldig konsesjon for kraftutbygging i den delen av vassdraget som er lengst ned mot Bandak. Ein fjerning av dammen ved Laugevatn vil vere utan verknad for denne utbygginga. Den øvre delen av vassdraget var også planlagd utbygd, og Vest-Telemark kraftlag har vore aktivt involvert i desse planane. Når endeleg avslag på søknad om forlenga byggefrist vart stadfesta av Olje og energidepartementet i 2021, er det ikkje lenger nokon som hadde økonomiske interesser i å halde regulingsanlegga i stand. Ingen av dei to planlagde utbyggingane har hatt moglegheit til å regulere vassmengda i samband med kraftproduksjonen innanfor vilkåra satt i konsesjonane.

Anna relevant informasjon

Dammen i Laugevatn er nokså spesiell, sidan reguleringsanlegga i Lårdalselva i 1923 vart organisert som eit sameige mellom tre partar som alle var næringsaktørar lenger ned i vassdraget. Ingen av grunneigarane var eigarar i damanlegga. I Overenskomsten frå 1923 (vedlegg 5) står det «*Nedleggelse av et verk helt, kan der ikke gjøres noget krav på de øvrige, likesom forpliktelsene opphører*». Det synes ikkje som om det var nokon avtale om kva som skulle skje dersom alle verka blei lagt ned, slik situasjonen er i dag.

Av dei historiske partane frå 1923, er det VTK som i dag står fram som den mest intakte etterfylgjaren, sjølv om andre partar nytta reguleringa i lang tid etter at Lårdal Sogns elektrisitetsverk vart lagt ned. Det vart ikkje gjort noko grep for å avklare ansvar og eigarskap for reguleringsanlegga da situasjonen at ingen lenger hadde nytte av dammane oppstod, verken i 1976 eller 2002. VTK har hevda at vårt deleigarskap er intakt ved fleire høve, både i 1955 og i 2009. I 2012 tok VTK også på seg ansvaret for rapporteringa av dammen til damdatabasen SIV frå Ingeborg Hetland, som var part i sameiget fram til ho selde eigedommen og bygningane til det gamle spinneriet i 2023. VTK sitt engasjement i reguleringsanlegga må sjåast i samanheng med planane om å byggje ut vassdraget som fantes på desse tidspunkta. No er det ingen aktive planer om å utnytte vassressursen til kraftproduksjon, og VTK ynskjer å avslutte sine forpliktingar i Lårdalsåi, mellom anna ved å leggje ned dammen.

Om nokre lokale interessentar ynskjer å ta over ansvaret og eigarskapen til dammen, er VTK positiv til dette. Vi ber difor om at NVE i tillegg til dei vanlege høyringspartane også sender ut høyringsbrevet til grunneigarane rundt Laugevatn. Oversikt over eigedommane og namnet på grunneigarane er lagt ved i vedlegg 6.

Vedlegg

1. Oversiktskart (1:50 000)
2. Detaljert kart over vassdragsanlegget (1:5 000).
3. Foto av eksisterande vassdragsanlegg og påverka vassdragsstrekning.
4. Historiske foto frå restaurering av dammen i 1985, som indikerer vasstanden ved ei tapping og dokumenterer dammen sin konstruksjon
5. Overeinskomst av 1923
6. Oversikt over grunneigarar rundt Laugevatn.

Vedlegg 1: Oversiktskart 1:50 000 som syner anlegget si plassering markert med svart pil



Vedlegg 2: Detaljkart 1: 5 000 som syner vassdragsanlegget og anleggsområdet merket i oransje polygon



Vedlegg 3 Foto av vassdraget og dammen



Figur 3 Laugevatn og landskapet sett mot nordvest, september 2023. Geotag frå Google Maps er felt inn



Figur 4 Våtmarksområdet rett nord for dammen, september 2023. Geotag frå Google Maps er felt inn



Figur 5 Overløpet på dammen og elva vidare ned mot Lårdal



Figur 6 Damveggen ved overløpet




Figur 7 Biletet gjev eit inntrykk av høgden på dammen. Om lagt midt på, kan ein sjå rattstammen som er knyttet til tappeluka, men sjølve rattet er løsna, og ligg ved siden av




Figur 8 Avkøyringa frå fylkesvegen ned til dammen. Foto: Google Maps

Vedlegg 4 Historiske bilete frå restaureringa i 1985



Figur 9 Landskapsbilete frå da dammen var open



Figur 10 Landskapsbilete frå da dammen var open



Figur 11 Det er oppgitt at vasstanden her er redusert med 137 cm. Det er usikkert kor mykje lågare vatnet vil stå når heile dammen er fjerna. På grunn av landskapsformasjonen som er vist i biletet, ser det ut til at det vil vere ein naturleg terskel som er høgare enn lågaste punkt på dammen. Ein kan fylle igjen kanalen som er vist i biletet, og på den måten bevare vasstanden så høg som mogleg



Figur 12 Biletet viser at fangdammen held vasstanden noko høgare rett oppstrøms for dammen enn det den vil vere når dammen er heilt fjerna.



Bilete av dammen før og etter at det vart støypt på ei kappe av betong på vassida og oversida.

Vedlegg 5. Overenskomst av 1923

O v e r e n s k o m s t.

Mellom fabrikkeneier O. L. Omdal, A/S Lårdal Fabriker og Lårdal sogns elektrisitetsverk er idag inngået sådan overenskomst.
Fabrikkeier O. L. Omdal og A/S Lårdal Fabriker overlader alle sine damme og rettigheter i Laugevannet, Omlidvannet og Nøssevannet til et felles eie for ovennevnte 3 parter på nedennevnte betingelser idet Lårdal sogns elektrisitetsverk betaler til A/S Lårdal Fabriker kr. 2.500,- totusenfemhundre kroner, som sluttfordring ifølge gammel overenskomst av 15 de august 1917 vedtatt i sognestyremøte den 5. oktober samme år og som vederlag for det mere vand sognets elektrisitetsverk har taget i bruk efter utvidelsen til 100 hK. Forøvrigt inntreder alle parter på likefot (på li vilkår).

De nevnte betingelser er:

1/ Vandføringen skal være jevn døgnet rundt og året rundt og bestemmes i mangel av mindelig overenskomst av nedenfor nevnte voldgiftsskjønn efter forudgående faglig opmåling og udregning.

Skal det alikevel hende at der i et eller flere vand kun er igjen en vandmængde tilsvarende en meters tappeshøide i Laugevand, kan hvem det er av partene forlange nedregulering til 75 % og ved en halv meters tappeshøide til 50%. Der opsættes en gradert merkestang i Laugevand, ~~kan hvem det er av partene forlange nedregulering til 75 % og ved en halv meters tappeshøide til 50 %.~~ Der opsættes en gradert merkestang i Laugevannet

Til udførelse av tilsynet med dammene og vandslipningen ansætter partene en mand, som betales ligt av de 3 parter.

2/ Mulig utvidelse av reguleringen og reparasjon av dammene kan i mangel av overenskomst udføres av hvem som helst av partene og utgiftene fordeles i forhold til vannforbruket og de fordele hver især har, hvilket avgjøres av nedennevnte voldgift.

Utvidelse av kraftstasjonen ved forlengelse av rørledningen kan foretaes uten mereutgifter til reguleringen.

3/ Rettigheter og forpliktelser i henhold til denne kontrakt kan overføres. Nedleggelse av et verk helt, kan der ikke gjøres noget krav på de øvrige, ligesom forpliktelsene ophører. Dog er der adgang til pany andre som deltager.

4/ Mulige tvistemål angående denne kontrakt avgjørest av en voldgift hvortil hver av partene en mann og sorenskriveren opmann. Mannens stemme avgjør utfaldet i tilfælde stemmelighet. Voldgiften er bindende for alle parter og kan ikke påankes.

Lårdal, 1. september 1923.
For Lårdal sogns elektrisitetsverk

Olav T. Solvang.

(Sign.)

Denne overenskomst er samrøystes godkjent av Lårdals sognestyre i møte den 1. september 1923.

Lårdal formannskap 1. september 1923.

Olav Sending.

Varaordfører.

(Sign.)

Godkjent

Godkjent

O. L. Omdal. pr.pr. Lårdal Fabriker.
(Sign.) O. T. Karsvik.

(Sign.)

Vest-Telemark Kraftlag
Kraftlag

Vedlegg 6, oversikt over grunneigarar rundt Laugevatn



Eigedom	Grunneigar
15/11	HEIDE-BJØRNDAL TORHILD
15/2	TEIGEN KITTEL NILS
16/2	SENDING OVE OLAV
16/4	BLEIKELIA JENS JACOB
1005/1	Eigedommen er ikkje tinglyst.